



Møre og Romsdal  
fylkeskommune

Kunnskapsdepartementet  
Postboks 8119 Dep  
0032 Oslo

FYLKESORDFØRAREN

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
22/3898	10.10.2022	155308/2022/A00	Anna-Marie Hatlestad , 71 28 02 11	06.12.2022

## Svar på høring om innføring av studieavgifter for studenter fra land utenfor EØS-området eller Sveits m.m. Endringer i universitets- og høyskoleloven.

Vedtak i Fylkesutvalet i Møre og Romsdal den - 29.11.2022

1. Møre og Romsdal fylkeskommune er kritiske til forslaget om å endre på gratisprinsippet for høgare utdanning i Norge.
2. Forslaget er grunngeve i behov for eit stramt statsbudsjett i 2023 og konsekvensane av lovendringa er ikkje utgreia. Vi veit difor lite om kva lovendringa betyr for utviklinga i akademia og tilgangen til kandidatar med internasjonal spisskompetanse i samfunnet elles.
3. Møre og Romsdal fylkeskommune stiller seg bak bekymringane i akademia knytt til at det blir mindre mangfald frå ulike samfunnslag i den tredje verden når gratisprinsippet fell bort. Ved å gå vekk frå gratisprinsippet er det stor fare for tredjelandsstudentane vil bestå av dei rikaste, men ikkje nødvendigvis av dei mest talentfulle studentane.
4. Møre og Romsdal fylkeskommune vil peike på at tredjelandsstudentane er viktige for kvalitetsutviklinga i høgare utdanning og forskning ved at dei bringer med seg andre perspektiv, verdiar, kultur og arbeidsmetodar.
5. Møre og Romsdal fylkeskommunen arbeider for utvikling av eksportretta industri og vekst i nye globale marknader. Reduksjon i tredjelandsstudentar vil påverke tilbod og innhald i utdanningsprogram som skal bidra til meir kunnskap om dette. Fylkeskommunen er difor bekymra for kva verknader nedgangen i studenttala vil ha å seie for dei internasjonale studieprogramma.
6. FN la i november 2021 fram rapporten "Reimagining our futures together: A new social contract for education". Her blir det peika på behovet for globalt samarbeid og solidaritet for å utvikle utdanning og læring. Mange av utfordringane vi opplever skuldast manglande kunnskap. Fattige studentar i den tredje verda har i liten grad tilgang til gratis høgare utdanning. I ei tid der demokratiutviklinga i verda går i negativ retning, krisene står i kø og ulikskap og fattigdom aukar er det eit paradoks at Norge vil gjere det vanskelegare for tredjelandsstudentar å få tilgang til høgare utdanning.
7. Tredjelandsstudentane kjem i stor grad frå fattige land der behovet både for utdanning og etablering av nettverk utanfor landet er viktige for både verdiskaping og demokratiutvikling i landet. Dersom studentane blir verande i Noreg utgjer dei ein viktig ressurs også her, og nettverka dei har til heimlandet kan vere viktige både for heimlandet og for norsk etablering i nye marknader.

Med helsing

Tove-Lise Torve  
fylkesordfører

*Dokumentet er elektronisk godkjent og krev derfor ikkje signatur*

Vedlegg: Saksframlegget - Møre og Romsdal fylkeskommune



Møre og Romsdal  
fylkeskommune

## saksframlegg

Dato:	Referanse:	Vår saksbehandlar:
24.10.2022	138291/2022	Anna-Marie Hatlestad

Saksnr	Utval	Møtedato
	Kultur-, næring- og folkehelseutvalet	11.11.2022
	Fylkeskommunedirektøren - innstilling	11.11.2022
	Fylkesutvalet	28.11.2022

### **Høyring om innføring av studieavgift for studentar frå land utenfor EØS-området eller Sveits m.m. – endringar i universitets- og høyskoleloven**

#### **Fylkeskommunedirektøren si innstilling:**

1. Møre og Romsdal fylkeskommune er kritiske til forslaget om å endre på gratisprinsippet for høgare utdanning i Norge.
2. Forslaget er grunngjeve i behov for eit stramt statsbudsjett i 2023 og konsekvensane av lovendringa er ikkje utgreia. Vi veit difor lite om kva lovendringa betyr for utviklinga i akademia og tilgangen til kandidatar med internasjonal spisskompetanse i samfunnet elles.
3. Møre og Romsdal fylkeskommune stiller seg bak bekymringane i akademia knytt til at det blir mindre mangfald frå ulike samfunnslag i den tredje verden når gratisprinsippet fell bort. Ved å gå vekk frå gratisprinsippet er det stor fare for tredjelandsstudentane vil bestå av dei rikaste, men ikkje nødvendigvis av dei mest talentfulle studentane.
4. Møre og Romsdal fylkeskommune vil peike på at tredjelandsstudentane er viktige for kvalitetsutviklinga i høgare utdanning og forskning ved at dei bringer med seg andre perspektiv, verdiar, kultur og arbeidsmetodar.
5. Møre og Romsdal fylkeskommunen arbeider for utvikling av eksportretta industri og vekst i nye globale marknader. Reduksjon i tredjelandsstudentar vil påverke tilbod og innhald i utdanningsprogram som skal bidra til meir kunnskap om dette. Fylkeskommunen er difor bekymra for kva verknader nedgangen i studenttala vil ha å seie for dei internasjonale studieprogramma.
6. FN Ia i november 2021 fram rapporten "*Reimagining our futures together: A new social contract for education*". Her blir det peika på behovet for globalt samarbeid og solidaritet for å utvikle utdanning og læring. Mange av utfordringane vi opplever skuldast manglande kunnskap. Fattige studentar i den tredje verda har i liten grad tilgang til gratis høgare utdanning. I ei tid der demokratiutviklinga i verda går i negativ retning, krisene står i kø og ulikskap og fattigdom aukar er det eit paradoks at Norge vil gjere det vanskelegare for tredjelandsstudentar å få tilgang til høgare utdanning.

7. Tredjelandstudentane kjem i stor grad frå fattige land der behovet både for utdanning og etablering av nettverk utanfor landet er viktige for både verdiskaping og demokratiutvikling i landet. Dersom studentane blir verande i Noreg utgjer dei ein viktig ressurs også her, og nettverka dei har til heimlandet kan vere viktige både for heimlandet og for norsk etablering i nye marknader.

### **Bakgrunn**

Kunnskapsdepartementet føreslår endring i universitets- og høgskolelova for å kunne opne opp for å innføre studieavgift for studentar frå land utanfor EØS-området eller Sveits, såkalla tredjelandstudentar.

I forslag til statsbudsjett for 2023, jf Prop. 1 S (2022–2023) er det gitt følgjande grunngjeving for forslaget:

«Noreg er eit av få land som tilbyr gratis utdanning til alle internasjonale studentar. Samstundes må norske studentar i dei fleste tilfelle betale studieavgift for å studere i land utanfor EØS. Det er ein internasjonal marknad for høgare utdanning med høg betalingsvilje for utdanning av høg kvalitet. Norske universitet og høgskular har over lang tid arbeidd målretta med høg internasjonal kvalitet i utdanningane. Dei kan dermed rekruttere internasjonale studentar basert på kvaliteten i tilboda, og ikkje med grunnlag i at dei er gratis. Regjeringa foreslår derfor at universiteta og høgskulane skal krevje minst kostnadsdekkande studieavgift frå studentar utanfrå EØS/Sveits frå og med haustsemesteret 2023. Internasjonale studentar er generelt eit positivt bidrag til eit mangfaldig studiemiljø. Å krevje studieavgift er på linje med det som er normalen internasjonalt, vil òg innebære at institusjonane må halde fram med kvalitetsutviklinga i tilboda for å vere attraktive for internasjonale studentar. Det vil likevel truleg bli færre internasjonale studentar når dei må betale studieavgift. På den andre sida inneber det at innføringa vil frigjere studieplassar til studiesøkarar frå Noreg og andre EØS-land.»

Budsjetteffekten av reduksjonen er 74,4 mill. kroner i 2023, 148,8 mill. kroner i 2024 og 297,7 mill. kroner i 2025.

Norske studentar i utlandet betaler i følgje høyringsbrevet studieavgift i dei fleste tilfella. Basert på mellom anna erfaringar frå når dei andre nordiske landa innførte studieavgift anslår Regjeringa ein reduksjon i talet på tredjelandstudentar med 70 prosent.

Innføring av studieavgift vil ikkje påverke utvekslingsavtalene som norske institusjonar har med institusjonar i land utanfor EU/EØS området.

### **Vurdering**


Statistikk publisert i Database for høgare utdanning viser at det i Noreg er om lag 24 000 utanlandsstudentar. Om lag 12 500 kjem frå område i Europa som framleis vil ha gratis tilgang til utdanning i Noreg. Dvs. at der vil vere om lag 11 500 studentar som blir omfatta av ordninga. Dersom det blir 70 prosent reduksjon i opptaket av utanlandsstudentar frå tredjeland betyr dette at tal utlandsstudentar frå tredjeland blir redusert til om lag 3 500 studentar.

Men talet må tolkast med varsemd fordi det er vanskeleg å anslå kor mange færre tredjelandstudentar det faktisk blir. Dette skuldast at ein del studentar som kjem frå land utanfor EU/EØS området av ulike årsaker likevel ikkje blir råka av forslaget. Dette gjeld td. internasjonale studentane som har rett til lån i Lånekassen. Det vil sei studentar som har permanent opphaldsløyve, har opphald på grunnlag av sterke menneskelege omsyn, er gift med norsk statsborgar, har arbeid i Noreg samanhengande 24 md, eller har studert i Noreg samanhengande i 36 md. Høgskulen i Volda anslår at ca 40 av deira studentar blir råka av forslaget. Dvs halvparten av studentane som var registrert som tredjelandstudent i 2020.

Tredjelandstudentane kjem frå land over heile verda, jf. figuren under.

### Fordeling av utanlandsstudentar på land hausten 2022, kjelde DBH

Verdensdel ● Afrika ● Asia ● EU/EØS ● Europa utenom EØS/EU ● Nord-Amerika ● Oseania ● Stasløg ● Sør-Amerika



Tredjelandstudentane kjem i stor grad frå fattige land der behovet både for utdanning og etablering av nettverk utanfor landet er viktige for både verdiskaping og demokratiutvikling i landet. Dersom studentane blir verande i Noreg utgjer dei ein viktig ressurs også her og nettverka dei har til heimlandet kan vere viktige både for heimlandet og for norsk etablering i nye marknader.

Forslaget om å innføre studieavgift er ikkje utgreia, men kjem som følge av behovet for et stramt statsbudsjett for 2023. Kuttet kan ikkje gjennomførast utan ei endring i universitets- og høgskolelova. Vi veit difor lite om kva konsekvensar reduksjonen vil ha å seie for utviklinga av internasjonalt samarbeid for dei landa det gjeld. Vi kjenner heller ikkje til betydninga desse studentane har for språk og kulturutveksling og utviklinga av akademiske miljø generelt, eller for konsekvensane for arbeidsliv i Norge.

I dei akademiske miljøa blir det peika på at gratisprinsippet trekker til seg dyktige og motiverte studentar frå heile verda. Ved å gå vekk frå gratisprinsippet er det stor fare for at tredjelandstudentane vil bestå av dei rikaste, men ikkje nødvendigvis av dei mest talentfulle studentane. Tredjelandstudentane bidrar positivt også for norske studentar som blir eksponert for andre verdier og perspektiv, andre arbeidsmetodar og kulturar. Dette mangfaldet er viktig både for utvikling av kreativitet og kvalitet i utdanning og forskning.

FN la i november 2021 fram rapporten [Reimagining our futures together: A new social contract for education](#). Her blir det peika på behovet for globalt samarbeid og solidaritet for å utvikle utdanning og læring. Krisene vi står over for blir løyst gjennom utdanning og forskning. Mange av utfordringane vi opplever skuldast nettopp manglande kunnskap. Fattige studentar i den tredje verda har i liten grad tilgang til gratis høgare utdanning. Utdanning bidrar til minske fattigdom, ulikskap og konflikhtar mellom eliten og folk elles. I ei tid der demokratiutviklinga i verda går i negativ retning, krisene står i kø og ulikskap og fattigdom aukar er det eit paradoks at Norge vil gjere det vanskelegare for tredjelandstudentar å få tilgang til høgare utdanning.

Internasjonalisering av norsk høgare utdanning er viktig for Norge og ikkje minst for den mest eksportretta regionen i landet. NTNU i Ålesund skriv i sitt høyringssvar at dei er bekymra for at forslaget vil gå utover det internasjonale utdanningsprogramma. Siviløkonomstudiet Business og Marknadsføring har fokus på eksport og internasjonal marknadsføring. 30 av 45 studieplassar blir tilbydd utanlandske studentar og NTNU viser til kva betydning desse studentane har for innhald og kvalitet på programmet.

Fylkeskommunen har gjennom våre tilskotsordningar vore oppteken av å legge til rette for at næringslivet skal komme seg gjennom krisene som følgjer av endringar i internasjonale/globale marknader, pandemi og no siste krigen i Ukraina. Kunnskap om korleis internasjonale og globale marknader fungerer er vesentleg for vidare vekst og utvikling i dei eksportretta næringane. Akademia er bekymra for å miste viktige dimensjonar ved utdanningsmiljøa når talet på tredjelandsstudentar blir sterkt redusert. Truleg blir det også mindre mangfald frå ulike samfunnslag i den tredje verden når gratisprinsippet fell bort. Fylkeskommunedirektøren stiller seg bak desse bekymringane.

Gunn Randi Seime  
konst. fylkeskommunedirektør

Erik Brekken  
kompetanse- og  
næringsdirektør

#### Vedlegg

- 1 Høyring om innføring av studieavgift for studentar frå land utenfor EØS-området eller Sveits m.m. – endringar i universitets- og høyskoleloven